



Også i vår bygd har det vore stor svikt i hjortejakta. Fellingsprosenten varierte frå 42 til 75 og låg stort sett rundt 50. Det er felt 74 dyr dei siste 2 åra.. I heile Kvinnherad var fellingsprosenten 66 ettersom det vart tildelt 1408 løyver og felt 937. Dette er resultatet i valda i vår bygd:

- * Skorpo tildelt 7, felt 3, prosent 42
- * Rød tildelt 8, felt 4, prosent 50
- * Kjærland, Myklebust og Rød tildelt 30, felt 14, prosent 46
- * Haugland tildelt 22, felt 13, prosent 59
- * Musland tildelt 20, felt 11, prosent 55
- * Fjellandsbø tildelt 10, felt 5, prosent 50
- * Ytre Fet og Eik tildelt 8, felt 4, prosent 50
- * Øvre Feet og Døssland tildelt 20, felt 15, prosent 75
- * Ljosnes tildelt 9, felt 5, prosent 55

Det er no sterke reaksjonar blant fagfolk og jegarar som meiner at kvotene må reduserast og jaktida justerast. Knut Galtung Døssvig vil ha reduksjon til 15 november, Han viser mellom anna til at fellingsprosenten i Uskedalsområdet no var heilt nede i 55,9 og meiner at stamma i heile området frå vår bygd til Mauranger er sterkt desimert.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Privat

